

TERMINLISTE 2010

DAG	DATO	START	DISIPLIN	STAD
fredag	08. januar	18.30	Slalåm	Myra
fredag	15. januar	18.30	Slalåm	Myra
fredag	22. januar	18.30	Slalåm	Myra
fredag	29. januar	18.30	Slalåm	Myra
laurdag	06. februar	15.00	Fartsrenn	Tråstølen
laurdag	20. februar	14.00	Storslalåm	Myrkdalen
laurdag	06. mars	15.00	Fartsrenn	Slettafjellet
laurdag	13. mars	15.00	Parallellslalåm	Myra

Skiseksa i Varmestova etter kveldsrennet fredag 29. januar.

Samling i Bavallstunet etter siste rennet laurdag 13. mars.

Jubileumsfest med premieutdeling laurdag 17.april.

Ved rennopsett er det teke omsyn til skuleferiar, større skirenn i bygda, Veteran NM og smalalembinga.

Direksjonen tek atterhald om endringar grunna vêt og føre, sjå lysingar i Hordaland torsdag før renndagen og våre oppdaterte nettsider.

Hugs også vår teneste med SMS-meldingar, siste nytt direkte til din mobiltelefon.



Fleischer's Hotel
 eventyrlig atmosfære siden 1864 - a fairy-tale atmosphere since 1864 DE HISTORISKE
 Telefon (+47) 56 52 05 00 • www.fleischers.no • hotel@fleischers.no

ALF OPHEIM  SYNSAM

dform.no
 TOTALLEVERANDØR AV WEBTJENESTER

ludopil design © 2010

HØGFJELLSKAMERATANES SUPERCUP 2010 35. sesong



Direksjonen ynskjer nye og gamle løparar
 vel møtt til ny SuperCup-sesong.



VOSZA* takst


VOSSresort



STATUTTAR 35. SESONG - 2010

1. Kvinner som er over 25 år og menn over 30 år og som er fast- eller fritidsbuande på Voss, kan delta. Direksjonen kan setja grenser for deltakartalet.
2. Høgfjellskameratanes SuperCup er ikkje tilslutta noko ski- eller særforbund. Dei einskilde deltakarane startar på eige ansvar.
3. **KLASSEINDELING:** Alder pr. 1. januar 2010
Kvinner: 25 – 34 år Sukkerbitane
 35 – 44 år Tausna
 45 - 54 år Damona
 55 - og oppover Aller Besto

Menn: 30 – 39 år Den Harde Kjerne
 40 – 49 år Super Menn
 50 – 59 år Grand Old Menn
 60 – 69 år Grand Old Super Menn
 70 - og oppover Godt vaksen

Gjesteklasse: Kvinner
 Menn
4. Det vert skipa til 8 renn, der dei 4 beste er teljande.
5. Dersom det er praktisk mogleg vert det køyrt 2 omgangar i slalåm, ein omgang i storslalåm og fartsrenn. 1. plass gjev 25 poeng, 2. plass 24 poeng osv.
6. Kveldsrenna er lagt til fredagar og dagsrenn til laurdag.
Starttid for kvelds-renna er kl. 18.30 og dagsrenna kl. 14.00 og 15.00.
Renn vert kunngjort med lysing i "Hordaland" torsdag før renndagen.
7. Løparane startar i den rekkefylgja dei kjem til start, utan omsyn til startnummer, alder eller kjønn. Funksjonærar / medhjelparar har rett til å gå tilbake til sin plass i startkøen.
8. Til kvart renn vert det teke ut ein løypesetjar og 3 medhjelparar som er ansvarleg for at løypene er klare til fastsett tid. Alle deltakarar må hjelpa til med arrangementet, så som sikring, tidtaking, skriving og transport av staur.
9. Startkontingent kan betalast på to alternative måtar:
Alt.1: kr. 450,- for heile sesongen
Alt.2: Enkeltrenn kr. 120,- giro vert utsendt etter sesongslutt.
10. Startnummer skal vera synleg under renn. Nye startnummer vert utlevert ved fram møte. Løparar som neste sesong får opprykk til ny klasse, må vera gilde å levera inn att startnummeret etter siste rennet.

Statuttar vedteke på Generalforsamlinga den 4. desember 2009

Velkomen til SuperCupen 2010



*Gje no gass og ga fø gull
andre plass er berre tull
Dan gjekk fint og tett pao neste
datta gaor - eg e dan beste
Såg du meg - kor tøft eg hekta
SuperCup er VOSSA*ekta.*

G35 - Stig

SuperCupen - ein arena for alle.

Løypene har alltid vore laga slik at dei høver både for amatørar og meir vidarekomne. Slalåmrenna har me på Myra i Bavallen, fartsrenn i Tråstøslåmi og TA-løypa på Slettafjellet og storslalåm har me i bakkane til Voss Fjellandsby i Myrkdalen.

Me har med oss alt frå høgt premierte veteranar, tidlegare topp-alpinistar som satsar hardt for å tukte ein gamal konkurrent - til dei som ser poenget i å skri fortare enn naboen. Vidare kjem det kvart år til nye helga-vossingar, desse som aller helst vil vera på Voss men nokre dagar midt i veka nett må til bydn for å henta posten.

Krav til utstyr må du sjølv avgjera, me har løparar som konsekvent køyrer snjobrett! Ditt gode humør er viktig å ta vare på, så bruk av hjelm er eit absolutt krav.

Høgfjellskameratane er Moro på Ski! Sosial status, rangering på skattelister, bilmerke eller antal vinterfora sau er ikkje målestokk i SuperCupen. Som løpar i SuperCupen kan du få gode tips og læra deg god skri-teknikk. For mange er kveldsrenna på Myra eit høgdepunkt og siste kveldsrennet blir avslutta med gløgg i bakken og samling i Varmestova til god gamaldags skiseksa. Ved sesongslutt har me sjølvsagt kjole og slips - premieutdeling og Årsfest.

beste helsing Direksjonen for den 35. sesong

General	Stig Hernes
Avtroppande general	Christine Haugo
Livsvarig medlem av 1.styremøte	St. Hallstein Finne
Sysselmann	Stein Oddvar Hanto
Festsjef	Jan Fredrik Fleischer Tønjum
Styremedlem	Knut Kettermann
Styremedlem	Brynjulf Ringheim
Kasserar	Målfrid Tvilde
Revisor	Norvald Fretheim

General 2010: **Stig Hernes**
Sivlevegen 40 5700 Voss
telefon: 992 65 790
e-post: generalen@supercupen.com

Sysselmann: **Stein Oddvar Hanto**
Skulestadvegen 126 5710 Skulestadmo
telefon: 911 79 789
e-post: post@supercupen.com